




HOL KOMMUNE

Kommunale vedtekter for Hol bygdearkiv

Vedtatt av Hovedutvalg for kultur, sak 25/92.

VEDTEKTER FOR HOL BYGDEARKIV

1. NAMN OG GEOGRAFISK ARBEIDSOMRÅDE.

Hol Bygdearkiv er eit lokalthistorisk arkiv for Hol kommune.

2. FØREMÅL.

Hol Bygdearkiv skal samle inn, ordne, registrere og ta vare på:

- Handskrive materiale.
- Trykt og kopiert materiale.
- Fotografi.
- Film-, video- og lydbandopptak som gjeld kommunen, samme kva emne det inneheld.

Alle som ynskjer det, skal få sjå og lesa innsamla materiale i Hol Bygdearkiv, alt etter gjeldane reglar for innsyn i slikt materiale. Arkivet skal spreie kunnskap om arbeidsområdet sitt og om materialet som finst der.

3. EIGEDOMSRETTE TIL MATERIALET.

Det innsamla materialet er offentleg eige, dersom det ikkje er gjort andre avtaler med dei som har levert det. Hol Bygdearkiv kan ta i mot deponert arkivmateriale frå private eigarar.

4. SAMARBEIDSPARTNARAR.

Hol Bygdearkiv er medlem i Landslaget for Lokal- og Privatarkiv. Samarbeidspartnarar innan kommunen er Hol Bygdemuseum og Hol folkebibliotek.

5. STYRE.

Hovudutvalet for kultur i kommunen er styre for Hol Bygdearkiv.

6. ANSVAR FOR PERSONALET.

Administrasjonsutvalet tilset personale. Arkivleiaren har ansvar for den daglege drifta i arkivet. Kultursjefen er arkivleiaren sin overordna.

7. ANSVAR FOR SAMLINGANE.

Kulturutvalet har ansvar for at samlingane er trygt tekne vare på, og at dei blir tilrådeleg ordna og registrert. Arkivet skal vera offentleg tilgjengeleg med fast opningstid.

8. FINANSIERING.

Hol Bygdearkiv blir drive med kommunale midlar. Budsjett og rekneskap skal arbeidast inn i det kommunale kulturbudsjettet og rekneskapen.

9. PLANAR, BUDSJETT OG ÅRSMELDING.

Kulturutvalet godkjenner arbeidsplanar og budsjett, og det har ansvar for at drifta blir lagd opp i samsvar med desse. Arkivleiaren utarbeider årsmelding, som går inn i den samla årsmeldinga for kulturetaten.

10. NEDLEGGING.

Dersom Hol Bygdearkiv blir nedlagd, er det kommunen sitt ansvar å finne ein forsvarleg måte å ta vare på arkivmaterialet.

11. VEKSTENDRING.

Hovudutvalet for kultur kan endre vedtektene.

VEDTATT I HOVUDUTVALET FOR KULTUR I SAK 25/92.

